

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Skav

Bygdelag: Bergegrenda med fleire.

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard:

(adresse): Nordeide i Sogn

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

L-2 -3.

SVAR

Ja, utanom høyet var i ældre tidor brukt samnamnet "hjelpedor" med det rekna dei med ,naudfor og hjelpedor. I mine barnedagar frå omlag 1870 og til 1903 var skav serlig av osp og raun brukt mykje . Kvar vår når det leid ut i mars månad var dei mann av huset på skogen etter skav. Mine besteforældre fortåde at skav var brukt i dei ra tid like frå barneåra . Sidan 1903 er her ikkje mykje brukt skav. År om anna hender det at skogeigarane Høgg voré ospetre som dei køyrer heim og disse vert skava . Kyrne får skave istaden for mjøl og det visar seg at mjølka kan halda seg bra etter skave og.

4. Skavet var rekna som hjelpedor i vanskelige år.

5. Det var skav av osp og raun. Raunen måtte ein vera va sam med, for det viste seg ofte at der på rauneborken var nokre raue blære . Inne i disse blærene var der ei gul væ ta, og denne var giftig for krøtura. Ein måtte alltid passa på å sjara blærene bort for å unngå sjukdom på dyra.

Ser har aldri vore sjåve bjørk , lind og bartre. Det er som før nemnt osp og raun som er beste treslage for skav

6. Alle greinorne av osp og raun vart avhogne til brenne ved og disse vart og sjævne. Disse fekk eit fællesnamn "Sjævlingar" . Disse treslaga var framifrå god brenneved.

7. Nei me kjenner ^{ikke}rimet. Om våren i ældre tid Ja, av og til nå og var brukt å lauva almen . Borken på almen vart flækt av og hakka på hakkemaskin eller med høks på ein trestabbe. Lauvet og borken på almen skulde vera eit framifrå hjelpefor.

Det er fortalt at fyrstninga av dei 1800 åra gjekk søn fjordingerne over fjellet til Høyangsfjord -Nå Høyanger så alma på gardane Dale og øyra. Dei brukte 4 timer på kvar veg over fjellet. Dei brukte vel då kan eg tenkja meg almen til mjøl.

8. Det var mest mjølkekyrna som fekk skav. Aldri saue og geite. Hesten fekk aldri skav. Det var helst om våren frå mars månad og utover . skapet gav dei serskilt. Older-skav var som før nemnt aldri brukt her.

9. Dei ældre påstod at kyrna ikkje måtte få mykje skav om gangen-elles vilde det smaka av mjølka. Dei fortalte og at smøret vart kvitare av formykje bruk av skav. Beisk smak på mjølka vart det, dersom dei fekk formykje.

10. I det føre år hundre var det vanlig å stå opp om morgonen kl. 4-5 og gå til skogs å skava. Hesjeveden var t ikkje skava til beistemat.

11. Her vart bruka ordet "Skaveskog!" "I morgon skal me på Skaveskog."


12. Namnet "skaved" eller "sjøvlingved!"

13. Ja ordet "marka" kjenner me. Marka er eit samnamn som er brukt t. d. Me skal i marka på saueskog, vedskog, lauvskog m. m.

14. Skav tok dei til å henta heim i mars, april, mai og i fyrstninga av juni månad. Å henta skav var hardt arbeid for som regel var det borti fjelskårane der ein ikkje kom til med hest. Dei gjekk til arbeids ofte på fastande hjarta Langfredag.

15. Store stokkar skava dei ute på tunet. småveden skov dieøfte inn i stovorne. Veden bar dei einn om kvelderne for å tina den opp til morgonen.

16. På store stokkar brukte dei bandeknivar- slike som ridset visar. På småveden Skavl .Ridset syner korleis den såg ut. skavlen var laga av tynsleljåen eller av alm. skrapljå som mest var utsleten.



17. Småveden som var ein meter lang sette dei den eine enden oppå kneet slik at den stod støtt der . Det gjekk då letvint å skava borken av. Bandekrakk/vart aldri brukt til dette arbeid. Store stokker vart lagde opp på tvo krakker og då var det letvint å få skava dei.

Her var ikkje brukt serskilt skavkrakk.

18. Her var ikkje brukt skavhæl. Her har heller ikkje vore brukt stong. Var det granne lange tre på 3-4 m. lange sette dei den eine enden opp etter eit tre eller ein mur. På den måten stod den godt og det gjekk iort å få borken av . Me kjenner ikkje ordet Skavhæl,

19. Dei set på ein krakk eller stol når de sjæv småveden .Dei held då veden med venstre hända og skavlen med høgre og dreg kjeppen fram etsytersom borken gjeng av . Store stokker skaver dei med kniven på den måten, at dei set seg omskrev der stokken ligg oppå bukerne eller krakkerne. Det gjeng svert letvint på den måten.

20. Skavved eller sjævlinger.

21. Skavblokk er namnet.

22. Småveden er som før nemnt 1 meter lang ,stokkerne kan vere opp til 9 -10 meter lange .

23. Kjepperne kaller ein "sjævlinger". Sjevling , sjævlinger. Kubb er brukt for store stokker og mindre t. d. 3-4 tommer topp.

24. Ja det var visse reglar for at

skavet skulde vere tunt og fint . Når dei skov store sto-
ker måtte dei vera så varsame å skava tunne skever -elle
vilde ikkje ~~knyrta~~ kyrna æte skavblokkerne . Vedlaget må
måtte ikkje fylgja med . Ja det var stor skilnad på skav.
Some av mannfolka tok det ikkje så nøye-andre var meir
varsame . Min far og min bestefar skulde vere slike meis-
tara å skava og mor sa at kyrna åt betre skavet åt dei
enn skavet frå drengerne.

25. Skavveden vart helst brukt til bakstevd for
den brann så godt.

26. Sidan hundreårs skiftet har det vorte brukt li-
skav. Likevel hender det at ein eller fleire av grannern
høgg store, gamle ospetre på ein femning om rota og disse
vert skava den dag idag. Det er ikkje for forløysa skul-
men fordi at det er altfor bra mat å kasta bort.

N. B. Då De ikkje har spurt om det i vår bygd var
brukt anna av skogsved til beistemat , kan eg seia ifrå, a
at her har vore brukt bjørkeris åt krøtera. Det var ser-
lig bjørke og osperis som var brukt. Beista åt det såxgo
så godt-serlig ungbeista og hesterne. Riset var omlag
20 cm. langt og då åt dei upp all kvisten. Riset var
mykje brukt i føre hundraåret og like til 1903.
Eg kan godt tenkja meg, at dei bønder som bur ulaglig til
og har tung veg tilgards bruker ris enndå.

Berge den 27/12 1947.

Anders H. Berge.